

Helge Henanger

11.03.2015

Øvre Sagstad 110,5918 Frekhaug

Meland Kommune

v/Marius Flemmen Knutsen

Postboks79 ,5906 Frekhaug

Søknad om jordpåfylling og planering på Gnr 24 Bnr 5- Langeland

Viser til synfaring 18/12-14 og tidlegare innsendt orientering. Arealet som det vert søkt om er inntekna på vedlagte kart.Totalt areal i søknaden er ca 42 daa og det er delt inn i 5 del felt.Felt 1 i søknaden var ferdig sådd i 2014 men her er det trøng for 2 grøfter(markert med rødt på kart)for å lede vekk overflatevatn.Arbeidet med grøftene vil vere fullført innan 1.aug 2015

Felt 2 var tidlegare overflatedyrka beite og området er ulendt, her vert det tilført ca 1,5 meter høyde med lausmasser/jord stein. Arealet vert grovplanert og sådd til med gras i gylleblanding innan 1.aug 2015

Felt 3 består av overflatedyrka/fulldyrka areal.På dette arealet er det ein del høgde forskjell og det er behov for å fylle på fra 1-4 meter masser for seinere kunne drive maskinell innhøsting.På dette feltet mangler det masser for å kunne fullføre arbeidet, men allereie tilkjørte masser vil bli grovplanert og sådd med gras i gylleblanding innan utgangen av vekstsesongen 2015.Etter dette starter det agronomiske arbeidet med finplanering grøfting og liknande.Dette er eit arbeid som det alltid vil vere behov for på fulldyrka jordbruksareal som skal nyttast til varig eng,og det vert ikkje rekna som søknadspliktig.

På felt 4 og 5 er det ikkje starta opp arbeid pga liten tilgang på masser. Kommunen vil motta orientering før oppstart på desse felta.For felt 3-5 vert det utarbeida profil tegninger.

Typer masser som blir tilført området vert avgravingsmasser,jord og ein del stein.Stein som vert tilkjørt vert i hovudsak nytta til å bygge veg som er vist med svart farge på kartet.Når det gjeld miljøomsyn for tiltaket vert det laga jordvoller slik at masser ikkje kjem på avvegar, det vert også krevd jordanalyser av tilkjørte masser.

Når det gjeld transport med masser inn på området vil den vere varierende men det vert alltid tatt hensyn til at veggen opp fra Frekhaug senter er traffikert med born til og frå skulen.I perioden mellom kl 08.00-08.30 vil ein så langt det er mulig unngå tungtrafikk.

Mvh Helge Henanger